

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2013-0130	<b>Søknadsår</b>	2013	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Bolyst 2013			
<b>Prosjektnavn</b>	Innomind - Outatown- innovasjonskraft i periferien			

### Kort beskrivelse

Økokommunen er Tingvoll si plattform. Globalisering i form av sentralisering, migrasjon og klima står på vår dagsorden. Globale utfordringar skal møtast med lokal handling og lokale/ regionale ressursar. Kommunen har i over 20 år bygd opp bærekraftsstrategiar for utvikling av samfunnet og drift av kommunen. Innomind - Outatown tar utgangspunkt i økokommunens verdisett - og korleis vi gjennom denne plattformen kan få økt innovasjonskraft og bolyst gjennom konkrete tiltak: Å SKAPE og Å VOKSE

### Prosjektbeskrivelse

Prosjektet er eit utviklingsprosjekt for å legge til rette for auka innovasjonslyst og utviklingskraft.

Skal vi lukkast i utviklingsarbeid må vi skape eit utviklingstrykk. Konkrete, avgrensa tiltak må setjast inn i ein samanheng av visjon og målsettingar for utvikling av samfunn og tenester. Vi har tiltak som står på eigne bein, og tiltak som heng godt saman. Men summen skapar utviklingskrafta, og vi søker nasjonale bolystmidlar for å realisere muligheter.

Tingvoll kommune oppfyller dei nasjonale innsatsområda og tek tak i utviklingspotensialet på to område:

1. Skape: Etnisk entreprenørskap, Alfa og omega og Bittelitteraturhuset
2. Vokse: VGS i 200, Bli treffsikker! og Ungt demokrati - stemmer!

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Tingvoll kommune	Kommunehuset, Vågavegen 2 6630 TINGVOLL	95060602
<b>Kontakt- person</b>	Olaug haugen	Kommunehuset Vågavegen 2 6630 TINGVOLL	97505266
<b>Prosjekt- leder</b>	Olaug haugen	Kommunehuset, Vågavegen 2 6630 TINGVOLL	97505266

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

LUK- midler fra Møre og Romsdal Fylkeskommune kr 500 000:

Omdømmeprojekt for økokommunen 2012 - 2013

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

Tingvoll med våre 3100 innbyggjarar er sentralt plassert på Nordmøre, vi er relativt næringsssvake og har ingen store bedrifter. Vi har næringsliv innan primærnæringar, entreprenørbransje, tekstil og handel. Vi er ein skattesvak kommune, og arbeidsplassdekninga til eiga befolkning er blant dei lågast i Møre og Romsdal og difor har vi høg utpendling i ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Tingvoll orienterer seg meir no meir mot vekstområda som er på kysten. Folketalet er stabilt, men vi veks ikkje. Vi har innvandring som er ein ressurs for vårt lokalsamfunn - asylmottak med 130 menneske frå heile verda, ca 60 busette flyktningar særleg frå Aust Afrika og arbeidsinnvandring frå Sentraleuropa. Vi har eit av dei høgaste utdanningsnivåa i Møre og Romsdal blant kvinner. Tingvoll er eit gammalt kultur og kunnskapssenter – frå eit av skandinavia største hellemalingsfelt som er 5000 år gammalt, tingstaden, middelalderkyrkja, landsgymnas og no eit av fylkets største forskningsmiljø Bioforsk økologisk. I både næringsplan og kommuneplan er økokommunen vår strategi for utvikling og auka attraktivitet.

### **Prosjekt mål**

Gjennom tiltak som fremmer vår profil som økokommune vil vi auka folketalet, auka mangfoldet i næringslivet og vår attraktivitet.

### **Forankring**

Vedtatt av kommunestyret 28.11.2012 som ein del av kommunens handlingsprogram for 2013.

Mål og innsatsområde er ein del av planprogrammet for ny kommuneplan vedtatt i formannskapet 21.01.2013. Er no på høyring

Søknaden har vore drøfta i formannskapet i 2 møter 19 februar og 4 mars 2013

Møte med Tingvoll vidaregåande skole 8 mars 2013. Kommunestyret har vedtatt har 3 årig partnerskapsavtale med Tingvoll vidaregåande skole.

Samarbeidsavtale med Tingvoll Næringsforum for 2013 og 2014

Møte med handelsstanden 7.mars om hva som skal til for å få auka attraktivitet.

### **Prosjektorganisering**

Prosjekteier: Tingvoll kommune

Prosjektansvarlig: Rådmannen

Prosjektleder: tilsetting av to prosjektledere, en PL for hvert fokusområde.

Styringsgruppe sammensatt av seks personer fra:

1. Politisk ledelse i kommunen
2. Tingvoll Næringsforum

3. Bioforsk Økologisk
4. Handelsstanden/serveringsbedrifter
5. Kultur og næringsavdelinga, Tingvoll kommune
6. Fylkeskommunen/andre med kompetanse i forhold til ungdom

Det vil for hvert delprosjekt bli etablert egen prosjektgruppe, med delprosjektleder. De rapporterer opp til prosjektleder.

### **Samarbeidspartnere**

Tingvoll Videregående skole

Bioforsk økologisk

Tingvoll Næringsforum

Referansegruppe: Handelsstanden, Flerkulturelt senter, overnattingsbedrifter, Innvandrerråd

Ungdomsrådet/elevråd ved skolene

Fylkeskommunen

### **Aktiviteter**

1. Skape - Etnisk entreprenørskap, Alfa og Omega, Bittelitteraturhuset

Etnisk entreprenørskap

Resultatmål:

Minst 3 nye bedrifter i Tingvoll med folk med innvandrerbakgrunn som entreprenør innan 2 år.

Kartlegge bedriftsidear hos innvandrara i Tingvoll gjennom Hoppid.no. Kurs i skal -skal ikke.

Etablere " verdensbanken" - ein bank av etablereridear frå folk frå heile verda.

Stimulere etablererlyst. Hente inn folk med minoritetsbakgrunn som har lykkjes med bedriftsetablering og dele kunnskap

Sette privat og offentlig virkemiddelapparatet i dialog med etablerarar med minoritetsbakgrunn.

Alfa og Omega - i begynnelsen var ordet.

Resultatmål: Alle 8 klassingar skal kunne skrive og lese alfabetet på minst ett av følgjande språk Russisk ( Kyrillisk alfabet) , Arabisk, Eritreisk eller Kinesisk .

Vi vil bruke tverrfaglege arbeidsformer innan fag som samfunnslære, kunst/ håndverk og biblioteket å "alfabetisere" i grunnskolen – og slik la barn og ungdom vinne kunnskap om verdas

språk og auke gjensidig respekt mellom folk. Vi vil nytta innvandrara som beherskar desse språka og norsk til å ha undervisning. Vi vil bygge på innvandrar sine fortrinn.

Resultatmål: Etablere Bittelitteraturhuset

Bittelitteraturhuset – skape leselyst og debattar i offentlege rom. Arrangere faste kveldar (ein gang i månaden) på eksisterande møteplassar (cafear, hotell, kinosal, bibliotek) med interessante tema, innleiing av dyktige folk og påfølgjande debatt som kan vitalisere både lokalsamfunnet, tilføre næringslivet auka kundegrunnlag, og auka leselysta. La biblioteket som er ein fleirkulturell møtestad bruke nye arenaer.

2. Vokse - å bli ein foretrekt kommune for ungdom:

Resultatmål: Tingvoll vidaregåande skole i 200 ! Frå 130 til 200 elevar før 2017.

Nokre stikkord er synleggjering av kvalitet i opplæringa, tilpassningsevne i linjeval, nyskapande læringsmiljø, og involvering, bevissthet, og omdømme blant ungdommar, rekrutteringsdialog og konkurransekraft, kan det vera eksklusivt å vera få ? Gjennom prosjektet vil vi utvikle og marknadsføre " det unike".

Auka marknadsføring av TVS gjennom sosiale medier der det "unike" blir framheva som en fordel, vurdere fagleg spissing på miljø og internasjonalisering ?

Studietur for ungdom til vennskapskommunen Bunda i Tanzania

Ungdom i kommunen skal delta i en internasjonal miljøkonferanse som en del av undervisningen

Tilby nye læringsarenaer innan realfag og helsefag for elevane på Tingvoll vidaregåande skole. Bioforsk økologisk har 36 vitenskapeleg tilsette med realfagsbakgrunn.

Resultatmål: I løpet av prosjektperioden utvikle fornya og attraktiv realfagsopplæring og helsefagopplæring i VGS i realistiske omgjevnader ved bruk av Biogassanlegget , bio- og solenegisenteret , forskningsfelt i landbruket, studere klimagassutslepp, økologisk dyrking utan bruk av sprøytamidlar, vekstskifte, økologisk matproduksjon, miljøoverknader, ernæring og folkehelse osv.

Resultatmål: Gjennomføre et forprosjekt for å sjå på muligheten for å etablere samarbeid med ein høgskole/ universitet for utdanning av bachelor eller mastergrad innan desse fagområda.

Vi inviterer eit kunnskapsmiljø til å gjera ein studie på områder der Tingvoll har suksess ( eks. skiskyting, friidrett) - kan det overføres til andre område? Kva er suksessfaktorane? Kan det påverka moderniseringen av offentlige tjenester ?

delta i Aktiv Ungdom -prosjekt for internasjonal ungdomsutveksling. Kunnskap om medverknad og styresett.

Gjennomføre ein Ungdomsundersøkelse om bolyst og framtidsutsikter før prosjektstart og etter fullført prosjekt.

Resultatmål: Realisere Økoparken innan utgangen av 2014. Nasjonalt opplevingscenter for kunnskap om mat, dyrking, hagar, dyrevelferd, fornybar energi og landbruk. Knoppskyting frå forskningsmiljøet på Bioforsk økologisk

### **Målgrupper**

Skape:

Etnisk entreprenørskap - innvandrarak og asylsøkjarak i Tingvoll

Alfa og Omega - innvandrarak med god språkkunnskap og ungdom ( 8 klasse)

Bittelitteraturhuset - alle innbyggjarak, cafeak, hotell, bibliotek

Vokse:

VGS i 200 - ungdom i Tingvoll og i regionen på Nordmøre ( 16 - 21 år ) , institusjonane Tingvoll vidaregåande skole og Bioforsk økologisk

Bli treffsikker ! Ungdom, frivillige organisasjonar, oppvekstsektoren

Ungt demokrati - stemmer ! Ungdom 13-25 i Tingvoll

Realisere økoparken - offentlege myndigheter for etablering, alle innbyggjarak og besøkjande etter realisering.

### **Resultat**

1. Skape

Resultatmål Minst 3 nye bedrifter med folk med innvandrerbakgrunn som entreprenør innan 2 år.

Resultatmål: Alle 8 klassingar skal kunne minst eit alfabet av følgjande språk Russisk ( Kyrillisk alfabet) , Arabisk, Eritreisk eller Kinesisk .

Resultatmål: Etablere Bittelitteraturhuset.

2. Vokse

Resultatmål: Tingvoll vidaregåande i 200 ! Frå 130 til 200 elevar før 2017.

Resultatmål: I løpet av prosjektperioden utvikle fornya og attraktiv realfagsopplæring og helsefagopplæring i VGS i realistiske omgjevnader ved bruk av Biogassanlegget , bio- og

solenegiseret , forskningsfelt i landbruket, studere klimagassutslepp, økologisk dyrking utan bruk av sprøytemidlar, vekstskifte, økologisk matproduksjon, miljøverknader, ernæring og folkehelse osv.

Resultatmål: Gjennomfør forprosjekt for samarbeid med ein høgskole/ universitet for utdanning av bachelor eller mastergrad innan desse fagområda.

Resultatmål: Bli treffsikker ! Å forstå og overføre suksess blant ungdom til nye arenaer. Invitere eit kunnskapsmiljø til å gjennomføre ein studie av suksessfaktorar.

Resultatmål :

Delta i internasjonale program for ungdomsutveksling og sende ut eller ta imot 5 – 10 unge kvart år.

Utvikle lokale møteplasser for vennskap og solidaritet mellom unge fra ulike delar av verda.

70 % av ungdom under 25 år stemmer ved lokalvalget i 2015

Resultatmål: Etablere økoparken innan utgangen av 2014.

### Effekter

Effekt mål: Auka folketalsveksten til nasjonalt gjennomsnitt fordelt på 20 % fødselsoverskudd og 80 % tilflytting.

#### 1. Skape

Effekt mål: Vi aukar verdiskapinga i Tingvoll gjennom å utvikle noko særeige eller vidareutviklar vår styrke. Vi fornyar møteplassane mellom folk og har initiativ og kunnskap til å utløyse nye idear som skapar arbeidsplassar.

#### 2. Vokse

Effekt mål: Tingvoll er ein foretrekt kommune for ungdom og elevtalet på VGS i Tingvoll aukar vesentleg. Vi tiltrekkjer oss ungdom frå heile regionen som er opptatt av miljø og kunnskap om internasjonale forhold.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Prosjekt er planlagt over 2 år. Vi har sett opp 2013 og 2014.

Innleiande samtalar med samarbeidspartnerar er igang.

Vi skal rekruttere to prosjektleiarar, ein for kvart delprosjekt. Når vi veit at vi får ressursar for å kunne gjennomføre prosjektet vil vi starte organiseringa av prosjektstrukturen, rekruttere prosjektleiarar og lage tids- og milepælplan. Dette må utarbeidast av PA og prosjektorganisasjonen.

### Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Alfa og Omega	200 000	200 000				400 000
Bittelitteraturhuset	100 000	100 000				200 000
Bli treffsikker	100 000	150 000				250 000

<b>Tittel</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>SUM</b>
Etnisk entreprenørskap	800 000	700 000				1 500 000
Ungt demokrati - stemmer!	300 000	300 000				600 000
VGS 200	600 000	600 000				1 200 000

<b>Sum kostnad</b>	<b>2 100 000</b>	<b>2 050 000</b>				<b>4 150 000</b>
--------------------	------------------	------------------	--	--	--	------------------

### Finansieringsplan

<b>Tittel</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>SUM</b>
Bioforsk økologisk	100 000	100 000				200 000
Kommunal- og regionaldepartementet	2 100 000					2 100 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	500 000	400 000				900 000
Prosjektdeltakere - eige arbeid	150 000	200 000				350 000
Tingvoll kommune	200 000	200 000				400 000
Tingvoll vidaregåande skole	100 000	100 000				200 000

<b>Sum finansiering</b>	<b>3 150 000</b>	<b>1 000 000</b>				<b>4 150 000</b>
-------------------------	------------------	------------------	--	--	--	------------------

### Geografi

1560-Tingvoll

### Vedleggsliste

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
Bolystøknad Innomind - Outatown.doc	79 360	07.03.2013